



Ulvik herad  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

Dato: 23.02.2016  
Vår ref.: 2015/12160-4  
Saksbehandlar: jannor  
Dykkar ref.:

## **Energi- og miljøplan for Ulvik herad 2016-2020. Melding om vedtak.**

Vi syner til brev frå Ulvik herad dagsett 30.11.15 der høyringspartane vert bedne om å koma med uttale til energi- og miljøplan for Ulvik herad innan 22.01.2016. P.g.a. ønskje om politisk handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.02.16 har Hordaland fylkeskommune fått utsett høyringsfrist til 18.02.16. Vi seier oss leie for at partsbrevet kjem nokre dagar etter fristen.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 16.02.16 sak PS 28/16 og gjorde vedtak som vist i saksprotokoll under.

Sølve Sondbø  
leiar

Jan Nordø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2015/12160-2

Saksbehandlar: Jan Nordø

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	28/16	16.02.2016

**Energi- og miljøplan for Ulvik herad 2016-2020. Høyringsfråsegn.****Samandrag**

Med frist 22.01.16 har Ulvik herad lagt ut kommunedelplan for energi og miljø på høyring. Hordaland fylkeskommune har fått utsett høyringsfrist til 18.02.16.

Utgangspunktet for planen er eit ynskje om å ha ein reiskap for å sikra heilskapsomsyn i saker som gjeld energi, klima og miljø i heradet, og samstundes er forankra i lovverk og rammevilkår som følgje av global og nasjonal klimapolitikk. Dette gjeld først og fremst innanfor heradet sin eigen aktivitet, men óg for å motivera næring og privathushald i heradet.

Planen er meint å leggja grunnlag for vurderingar og prioriteringar i samband med bygge- og utbyggingssaker og vil fungera som hjelpemiddel ved sakshandsaming og vedtak i energiutbyggingssaker. Den vil ta for seg både offentlege og private bygg, næringsverksemd, transport og energiforsyning, og blir integrert i heradsplanen som **kommunedelplan for energi og miljø**.

**Visjonen** er at «Framtida til Ulvik skal byggast på trivsel og livskvalitet med utgangspunkt i ei berekraftig utvikling, så vel sosialt som økologisk. Ut frå dette skal Ulvik vera eit levande og klimanøytralt samfunn i 2030» (s. 23). Gjennom dei fire **fokusområda** haldningar, energibruk, lokal energiproduksjon og klima og miljø med mål og aktuelle tiltak skal planen strekkja seg etter denne visjonen.

Visjonen er ambisiøs og vil krevja store omstillingstiltak innan dei ulike sektorane i heradet, sjølv om kommunen har eit relativt lågt klimaavtrykk.

Mange av måla og tiltaka i planen vil bidra til denne omstillinga, og det er å forventa at energi- og miljøplanen ved revidering i 2020 vil koma med nye og endå meir effektive tiltak etter kvart som fornybarsamfunnet utviklar seg.

I denne planen for 2016-2020 er det lagt vekt på tiltak som miljøfyrtårnsertifisering, bruk av vassboren varme, energioppfølging i alle kommunale bygg, auka bruka av biobrensel, miljøvenleg drivstoff, innkjøp av el-bilar og hybridbilar og utskifting av gamle vedomnar.

Mange av tiltaka i planen er realistiske og effektive. I forhold til diskusjonane i prosadelen i kap. 1 (Innleiing) og kap. 2 (Status og strategiske val) saknar Hordaland fylkeskommune likevel eit sterkare fokus på tilpassing til klimaendringar, omsyn til landskap, biologisk mangfald og friluftsliv ved lokal energiproduksjon og lågare utsepp frå transportsektoren. Her vert det vist til Hordaland fylkeskommune sine kommentarar under.

Hovudintrykket er likevel at planen er eit viktig bidrag i retning visjonen om eit berekraftige og klimanøytralt herad i 2030.

### **Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og tiltak svarer på aktuelle utfordringar innan energi og miljø i Ulvik herad og er i tråd med Klimaplan for Hordaland 2014-2030.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og tiltak svarer på aktuelle utfordringar innan energi og miljø i Ulvik herad og er i tråd med Klimaplan for Hordaland 2014-2030.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### **Fylkesrådmannen, 06.01.2016**

## 1. Innleiing

Med frist 22.01.16 har Ulvik herad lagt ut kommunedelplan for energi og miljø på høyring. Hordaland fylkeskommune har fått utsett høyringsfrist til 18.02.16.

## 2. Samandrag av planen

Utgangspunktet for planen er eit ynskje om å ha ein reiskap for å sikra heilskapsomsyn i saker som gjeld energi, klima og miljø i heradet, og samstundes er forankra i eit dynamisk lovverk og rammevilkår som følgje av global- og nasjonal klimapolitikk. Dette gjeld først og fremst innanfor heradet sin eigen aktivitet, men og for å motivera næring og privathushald i heradet.

Planen er meint å leggja grunnlag for vurderingar og prioriteringar i samband med bygge- og utbyggingssaker og vil fungera som hjelpemiddel ved sakshandsaming og vedtak i energiutbyggingssaker. Den vil ta for seg både offentlege og private bygg, næringsverksemd, transport og energiforsyning, og blir integrert i heradsplanen som **kommunedelplan for energi og miljø**.

Planen er ei vidareføring av intensjonane i førre energi- og miljøplan (2009-2013), samstundes som den er oppdatert med nye framlegg til tiltak, i tråd med nasjonal og regional klimapolitikk. Planen tar føre seg historikk og utvikling i energibruk og utslepp, både samla i heradet og innanfor viktige sektorar. Energidelen er i stor grad basert på resultat frå den siste lokale energiutgreiinga for Ulvik herad. Miljødata er henta frå SSB, SFT og nettstaden "Miljøstatus i Norge".

Arbeidet har resultert i følgjande fokusområde for Ulvik herad:

### Fokusområde 1: Haldningar

Arbeida for å påverka innbyggjarane sine haldningar og motivera til val av energieffektive tiltak og miljøvennlige løysingar.

### Fokusområde 2: Energibruk

Redusera samla energibruk saman med auka energifleksibilitet og omlegging til nye fornybare energikjelder.

### Fokusområde 3: Lokal energiproduksjon

Sikra ei bærekraftig utvikling av tradisjonell og ny form for lokal produksjon av energi for å ivareta både klima, lokalmiljø og eigne innbyggjarar.

### Fokusområde 4: Klima og miljø

Møta venta klimaendringar på ein planmesseg måte, og arbeida for ein reduksjon av utslepp som er skadelege for klima og lokalmiljø.

Desse fokusområda dannar grunnlag for resten av planen.

## 3. Hordaland fylkeskommune sine kommentarar

Hordaland fylkeskommune sine kommentarar er gitt med utgangspunkt i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 (Regional klima- og energiplan). Kommentaraner følgjer disposisjonen i høyringsdokumentet.

### 1. Innleiing

Innleiingskapitlet legg vekt på «heilskapsomsyn i alle saker som vedkjem energi, klima og miljø i heradet» og understreker «ein tett samanheng mellom klimaspørsmål og energibruk». Eit slikt overordna perspektiv er grunnleggjande og i tråd med dei visjonane som også ligg til grunn for Klimaplan for Hordaland.

Energi- og miljøplanen er organisert i tre hovuddelar: Statusdel med utfordringar, langsiktig del med strategiar og mål og handlingsplan med prioriterte tiltak. Ein slik disposisjon av planen er oversiktleg og handlingsretta.

## 2. Status, utvikling og strategiske val

Det er positivt at planen under **2.1.3 Klimatilhøve** på s. 7 legg vekt på flaumfare og rasfare og at «Ulvik herad skal ikkje planlegge eller «bygge inne» ny sårbarheit i samfunnet». Tilpassing til klimaendringar bør ha ein overordna plass i all kommunal planlegging, ikkje minst i ein kommunal energi- og miljøplan som denne.

Klimaplan for Hordaland legg stor vekt på tilpassing til klimaendringar. Målet er at slik tilpassing «skal baserast på føre-vår-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve». Ein viktig strategi er «heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging» i «alle kommuneplanar». I den samanhengen er det vedteke retningslinjer for kommunal planlegging:

1. Klimaendringar må inngå som vurderingstema ved rullering av kommunal og regional planstrategi.
2. Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.  
Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og sette i verk tiltak som bidreg til å gjere kommunen meir førebudd på framtidens klima.
3. Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred.
4. Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
5. Planlegging skal sikre handtering av overvatn, og dimensjonere avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.

Det er som sagt positivt at Ulvik herad i energi- og miljøplanen legg vekt på naturfarar som flaum og skred med vilje til førebygging. Hordaland fylkeskommune saknar likevel ein tydeleg konkretisering av fokusområdet under mål og aktuelle tiltak i den siste delen av planen. Vi vil derfor rå til at heradet i større grad legg til grunn dei vedtekte strategiane og føringane i Klimaplan for Hordaland med mål og tiltak som møter den store utfordringa klimatilpassing er.

I den samanhengen vil Hordaland fylkeskommune nemna piloten Klimaservice Hordaland (HORDAKLIM), som Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Uni Klima ønskjer å utvikla til reiskap for nedskalering av data til bruk i tilpassinga til klimaendringar i dei einskilde kommunane i fylket. Ambisjonen er at kommunar som Ulvik skal dra nytte av tenesta i den langsiktige planlegginga. I samarbeid med pilotkommunane Kvam, Kvinnherad, Odda, Voss, Osterøy og Bergen er prosjektet godt i gang.

Under **2.1.7 Strategiske val** på s. 10 ynskjer heradet «ein godt gjennomtenkt politikk i samband med utbygging av små- og minikraftverk» med vekt på «større perspektiv», «samla konsekvensar» og «naturverdi». Ulvik herad har gjennom åra bygd ut mange av vassdraga, både med regulerbar kraft og småkraft. Det er difor positivt at heradet har eit slikt overordna perspektiv på samla konsekvensar med vekt på naturverdi. Her vil Hordaland fylkeskommune trekkja fram føringane i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland der ein for Ulvik-Eidfjord delområde m.a. legg vekt på å sikra «god vassføring i eksponerte fossar» og «god landskapstilpassing». Også friluftslivet vert framheva, og planen legg som kommunedelplanen for Ulvik stor vekt på sumverknader av nye prosjekt.

Når det gjeld **2.2 Energiforsyning** er det positivt at energi- og miljøplanen legg vekt på lokal produksjon, og at planen også her understrekar fleirbruksverdien til vassdraga, som kan føra til motstridande interesser. «Det er viktig at heradet og har ein medviten og aktiv politikk i høve til dette» heiter det på s. 12. På dette

fokusområdet saknar Hordaland fylkeskommune likevel fleire tiltak som tek i vare landskap, biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv mot eit relativt stort utbyggingspress. Vi vil her særleg nemna kartlegging av biologisk mangfald, som iflg. rapport frå NVE<sup>1</sup> har vore svært mangelfull i fleire småkraftsaker i Hardanger.

Vekten på lokal energiproduksjon med sjøvatn, biobrensel og varmepumper som supplement til lokal vasskraft er gode klimatiltak i samsvar med Klimaplan for Hordaland: «Lokal bruk av energiressursane hindrar unødig energitap gjennom distribusjon og lagring» (s. 29 i Klimaplanen). Då er det også viktig at «kraft- og varmenett må vera ope for levering av småskala produksjon av kraft og varme der dette kan gje betre utnytting av ressursane» (s. 29 i Klimaplanen). Eit slikt punkt kunne gjerne vore framheva på tiltakssida i energi- og miljøplanen.

Klimautsleppa er relativt små i heradet sett i høve til gjennomsnittet i Noreg, «men tendensen er at utsleppa aukar» (s. 14 i energi- og miljøplanen). **Transport** står for om lag 50 % av utsleppa, men mykje skuldast gjennomgangstrafikk som det kan vera vanskeleg å setja inn tiltak mot. Planen har likevel mål og tiltak som rettar seg mot klimaet: Elektriske kommunale køyretøy og hybridbilar og betre kollektivtilbod. Dette monnar likevel mindre i forhold til gjennomgangs- og turisttrafikken. Som tiltak vil Hordaland fylkeskommune m.a. tilrå hurtigladestasjon i Ulvik slik at heradet er med på å utvikla «eit komplett nett av hurtigladestasjonar for elbilar i 2020 som gjer det praktisk å køyre elbil i heile fylket» (s. 44 i Klimaplan for Hordaland).

Det var 23 anløp av cruiseskip i Ulvik både i 2014 og 2015. Skipa representerer store utslepp av CO<sup>2</sup> og særleg NOX i ein fjordarm som er utsett for luftforureining. Hordaland fylkeskommune meiner tiltak mot forureining frå cruiseskip bør vurderast i planen.

Under **2.4.3 Miljøfyrtårnsertifisering** på s. 22 understreker planen at «Ulvik herad er medlem av Miljøfyrtårnsordninga, og vil bruka denne ordninga aktivt». Som tiltak foreslår planen sertifisering av Ulvik sjukeheim og Brakanes skule. Dette vil vera positive bidrag til å få ned energibruken i bygningar. I den samanhengen er det viktig at Ulvik herad held fast målet om å sertifisera alle kommunale bygg.

### 3. Mål og fokusområde

**Visjonen** er at «Framtida til Ulvik skal byggast på trivsel og livskvalitet med utgangspunkt i ei berekraftig utvikling, så vel sosialt som økologisk. Ut frå dette skal Ulvik vera eit levande og klimanøytralt samfunn i 2030» (s. 23). Gjennom dei fire **fokusområda** haldningar, energibruk, lokal energiproduksjon og klima og miljø med mål og aktuelle tiltak skal planen strekkja seg etter denne visjonen.

Visjonen er ambisiøs og vil krevja store omstillingstiltak innan dei ulike sektorane i heradet, sjølv om kommunen har eit relativt lågt klimaavtrykk.

Mange av måla og tiltaka i planen vil bidra til denne omstillinga, og det er å forventa at energi- og miljøplanen ved revidering i 2020 vil koma med nye og endå meir effektive tiltak etter kvart som fornybarsamfunnet utviklar seg.

I denne planen for 2016-2020 er det lagt vekt på tiltak som miljøfyrtårnsertifisering, bruk av vassboren varme, energioppfølging i alle kommunale bygg, auka bruka av biobrensel, miljøvenleg drivstoff, innkjøp av el-bilar og hybridbilar og utskifting av gamle vedomnar.

Mange av tiltaka i planen er realistiske og effektive. I forhold til diskusjonane i prosadelen i kap. 1 (Innleiing) og kap. 2 (Status og strategiske val) saknar Hordaland fylkeskommune likevel eit sterkare fokus på tilpassing til klimaendringar, omsyn til landskap, biologisk mangfald og friluftsliv ved lokal energiproduksjon og lågare utslepp frå transportsektoren. Her vert det vist til Hordaland fylkeskommune sine kommentarar over.

Hovudintrykket er likevel at planen er eit viktig bidrag i retning visjonen om eit berekraftige og klimanøytralt herad i 2030.

<sup>1</sup> NVE-rapport 102-2015 "Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging"